

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	30.08.2012	091/12	KFL

Avgjerslemynde: Formannskapet Sakshandsamar: Kjersti Flatråker	Arkiv: GBNR- 79/107, K2-L33 Objekt:	Arkivsaknr 11/879
---------------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------	-----------------------------


GNR 79/107 TJORE NEDRE - AUSTMARKA - SAL AV KOMMUNAL EIGEDOM SOM TILLEGG TIL NYTT NÆRINGSAREAL

Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
4	U	24.04.2012	Sandland Eiendom as	Grense næringsområdet Austmarka
5	U	10.07.2012	Sandland Eiendom as	Gnr 79/107 Tjore nedre - Austmarka næringsområde - spørsmål om grense mot kommunen sitt areal


Saksutgreiing:

Guide Advokat DA søker på vegne av Austmarka eigedom AS å få dele gnr 79 bnr 107 i to parsellar for å leggje til rette for næringsverksemd i Austmarka i tråd med ny reguleringsplan for området. Før dette kan skje må ein sette eigedomsgrensa på austsida av eigedomen, mot kommunen sin eigedom gnr 79 bnr 11. Her ynskjer tiltakshavarane som skal nytte næringsarealet ein breiare tomt enn det dei har i dag.




Kommunen har tidlegare delt gnr 79 bnr 107 i frå gnr 79 bnr 11. I samband med at sal av kommunal eigedom var oppe i formannskapet for godkjenning vart det stilt krav i frå

formannskapet om at det skulle haldast att areal slik at kommunen kunne ha vegtilkomst på austsida av næringsarealet. Dette for å sikre tilkomst for bustadene sør for næringsarealet om det kjem krav om å stengje deira innkjøring i frå fylkesveg 565. I reguleringsplanen er det krav om stenging av avkjørsle ved meir utbygging på Solstrand.



Utsnitt i frå kommunedelplan for Radøy sør.



Det gule arealet i kartet over ynskjer eigar av næringsarealet å kjøpe i frå kommunen då dei har planlagt å nytte heile arealet med næringsføremål.

Om kommunen vel å selje dette arealet vert det ikkje plass til veg og ein må sikre ein tilkomst på anna vis. Slik næringsområdet er planlagt kan det løysast ved å få vegrett over nærings-eigedomane via deira veg.



Situasjonsplan for del av næringsområdet i Austmarka.

Deling av eidegom skal handsamast etter plan- og bygningslova, kap. 20 om søknadsplikt, men formannskapet må gje si tilslutning til sal av kommunal eidegom.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune godkjenner sal av kommunalt areal som tidlegare vart halde igjen for eventuell tilkomst til "Solstrand", på følgjande vilkår:

1. Erklæring om vegrett (andre rettar/plikter) må leggjast fram for tinglysning. Dette slik at erklæring kan tinglysast samstundes som den nye grunneigedomen vert oppretta i grunnboka.
2. Reguleringsplanen, arealdel og føresegner, vert følgt.

30.08.2012 FORMANNSKAPET

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS-091/12 VEDTAK:

Radøy kommune godkjenner sal av kommunalt areal som tidlegare vart halde igjen for eventuell tilkomst til "Solstrand", på følgjande vilkår:

1. Erklæring om vegrett (andre rettar/plikter) må leggjast fram for tinglysning. Dette slik at erklæring kan tinglysast samstundes som den nye grunneigedomen vert oppretta i grunnboka.
2. Reguleringsplanen, arealdel og føresegner, vert følgt.

